

PRINSIPPROGRAM

for Sosialistisk Venstreparti

Vedteke av SVs landsmøte
27. mars 2011



INNHALD

Vår tids oppgåver	3
1. Eit Noreg som deler goda	5
Kamp mot klasseskilnader	5
Demokratisk styring	6
Eit godt arbeidsliv	6
Ein sterk velferdsstat	7
2. Fridom for alle, ikkje for dei få	8
Demokrati og rettar	8
Deltaking	8
Personvern	9
Kultur	9
Migrasjon og mangfald	9
3. Ein økologisk berekraftig økonomi	11
Eit miljøvenleg Noreg	11
Framtidsretta næringsliv for heile landet	12
Kunnskap og forskning	13
Infrastruktur	13
4. Feminisme - frigjering og likestilling	14
5. Global rettferd	16
Demokratisering av internasjonal økonomi	16
Global omfordeling	16
Internasjonale miljø- og klimautfordringar	17
Ei fredeleg verd	18
Internasjonal organisering	18
Norsk utanriks- og tryggingsspolitikk	18
Eit sosialistisk folkestyre	20
Endring er mogleg	21
Sterke alliansar	21

VÅR TIDS OPPGÅVER

Somme påstår at verda ikkje kan endrast.
Dei seier at samfunnet vi lever i, er det einaste moglege.

Vi veit at dei tek feil.

Eit samfunn der menneske løyser problem i fellesskap er mogleg. Klasseskilje kan erstattast av rettferdig fordeling og meir demokrati. Kvinnediskriminering og undertrykking kan erstattast med fridom for begge kjønn.

Klimaendringane er menneskeskapte og kan stoppast av oss menneske.
Det er mogleg å skape eit samfunn der menneske og miljø blir sett framfor profit.

Eit anna samfunn er ikkje berre mogleg. Det er naudsynt.

Difor sosialisme.

Menneska skaper si eiga historie. Difor har vi også høve til å styre samfunnsutviklinga. Utbytting, undertrykking, krig, naud, klimaendringar og øydelegging av miljøet er alt saman menneskeskapte fenomen som menneska kan fjerne. Men vi startar ikkje med blanke ark, kapitalismen er det dominerande samfunnssystemet. Det er mogleg å skape ei rettferdig og miljøvenleg verd, men det føreset at det kapitalistiske systemet blir erstatta – nasjonalt og globalt – av eit demokratisk og berekraftig behovsstyrt økonomisk system. Det er sosialisme.

På same måte som kapitalismen er eit undertrykkande system, er patriarkatet eit system som avgrensar fridomen til menneska. Dette systemet rammer begge kjønn, men kvinner er framleis dei som taper mest. Vi har kome langt i kampen for likestilling, men har framleis ein veg å gå for å oppnå full frigjering, uavhengig av kjønn. Difor er SV eit feministisk parti.

I løpet av det siste hundreåret vart Noreg eit rikt land. Demokratisk kontroll over naturressursane, oppbygging av velferdsstaten og kvinners deltaking i arbeidslivet la grunnlaget for ein produktiv økonomi og stor velstandsauke for folk flest. Innlagt vatn og straum, kjøleskåp og vaskemaskiner var framsteg som gjorde kvardagen til vanlege folk enklare. Kamp mot klasseskilja førte til betre folkehelse, levealderen auka, utdanningsnivået gjekk opp og fattigdommen vart redusert. Slik kunne stadig fleire medverke til produktivtvekst og velferd.

Fleirtalet av verdas folk har ikkje hatt del i denne utviklinga. I store deler av verda dominerer framleis fattigdom og naud. Verken ressursgrunnlaget eller klimaet tåler kapitalismens forbruksjag. Skal vi skape ei rettferdig verd, kan vi difor ikkje nøye oss med å auke levestandarden for dei fattigaste. Det krevst ei radikal

omfordeling av makt og ressursar og ei ny økonomisk verdsordning der omsynet til naturens tålegrense set ramma for alle avgjerder i samfunnet.

Medan rikdomen i vestlege land har auka kraftig dei siste tiåra, har ikkje livskvaliteten auka tilsvarande. Over eit visst nivå i rikdom og levestandard er det ikkje lenger nokon klar samheng mellom økonomisk vekst og betre folkehelse, lågare kriminalitet, mindre fattigdom eller auka lukke. Samstundes har veksten ført med seg klimaendringar og tap av naturmangfald. Vår tids store utfordring er ikkje å tyne mest mogleg økonomisk vekst ut av menneske og miljø. Vi må endre ressursbruken frå "meir" til "betre". Økonomisk vekst må vere berekraftig.

SV vil mobilisere til innsats for fem store oppgåver:

EIN ØKONOMI SOM ER ØKOLOGISK BEREKRAFTIG:

Klima- og miljøutfordringane er saman med global fattigdom dei viktigaste utfordringane i vårt hundreår. Klimaproblema vil ramme alle deler av verda, men rammar hardast dei fattigaste, som er dei som har gjort minst for å skape problema, og må løysast i fellesskap. Vi i Noreg må redusere våre CO²-utslepp dramatisk og ta ansvar for å bevare naturmangfaldet. Omsynet til miljøet må gå framfor profittomsyn og snevre økonomiske interesser i alle avgjerder.

Aller størst ansvar for løysinga har rike land, som har skapt problemet. Noreg har difor både interesse av og eit ansvar for å gå føre for å løyse problemet. Grøn teknologi vil bli ei stor næring, kunnskap og forskning vil vere nyttige investeringar for heile samfunnet. Ein økologisk berekraftig økonomi i Noreg er bra for miljøet og bra for norsk økonomi.

Å omforme Noreg til eit økologisk berekraftig samfunn raskt nok til at det er med på å løyse klimaproblema er den første store oppgåva SV vil mobilisere til innsats for.

ET NOREG SOM DELER GODA: Det er grunnleggande rettferdig å dele goda, og det er naudsynt for å kjempe mot fattigdom og fjerne klasseskilnader.

I nesten heile det førre hundreåret gjekk inntektskilnadene i Noreg ned. Dei siste tiåra har dette snudd. Norsk arbeidsliv er truga av sosial dumping og åtak på faglege rettar. Det er uakseptabelt at mange er fattige i landet vårt. Vi må kjempe mot klasseskilnadene ved å redusere inntektsskilnader, stoppe sosial dumping, satse systematisk på utdanning og utvikle velferden vidare.

God helse, eit godt utdanningstilbod, låg kriminalitet og få sosiale problem er viktige gode. Det oppnår vi betre i samfunn med små skilnader. Små skilnader gjev større tillit mellom menneske og grunnlag for å byggje sterke fellesskap.

Eit Noreg som deler goda er den andre store oppgåva SV vil mobilisere til innsats for.

FRIDOM FOR ALLE, IKKJE FOR DEI FÅ: Reell påverknad på saker som vedkjem oss, og fridom til å utfalde seg, er viktig for alle.

Fridom krev sterke rettar og eit utvida folkestyre, men også økonomisk og sosial tryggleik, som gjev grunnlag for å velje. SV vil erstatte marknadsmakt med avgjerder i folkevalde organ og utvikle eit demokrati som ikkje stoppar ved inngangsdøra til arbeidsplassen. Vi treng eit meir deltakande demokrati, med aktiv folkeleg medverknad i viktige avgjerder.

Alle typar maktforhold må utfordrast når fridom for alle er målet. Kjønnsmakta i samfunnet må kjempast ned for å oppnå frigjering. Diskriminering på bakgrunn av religion, seksuell orientering, etnisk bakgrunn eller funksjonshemming er undertrykkande og held oppe ufridom. Eit mangfaldig fellesskap styrkjer fridomen, einsretting svekkjer den.

Kamp mot undertrykkande maktstruktur og ei gjennomgripande demokratisering som sikrar fridom for alle er den tredje store oppgåva SV vil mobilisere til innsats for.

ET LIKESTILT NOREG: Samfunnet vårt må gje kvinner og menn like moglegheiter og like stor fridom. Difor er det naudsynt å kjempe mot strukturane som gjev menn meir makt og fridom enn kvinner. SV har sidan partiet vart stifta vore ein pådrivar i kvinnekampen. Denne kampen er langt frå over. Vi ser at kvinner blir undertrykte og har

færre moglegheiter enn menn i Noreg i dag. Kvinner har i gjennomsnitt lågare løn enn menn. Det er flest kvinner som ufrivillig har deltidsstillingar og usikre tilsetjings-tilhøve, og som jobbar i yrke med høg arbeidsbør. Og kvinner tek framleis den største delen av det uløna arbeidet i heimen.

Seksuell trakassering, menns vold mot kvinner og venleikstyranniet er andre utslag av denne kjønns-maktsordninga som i størst grad rammar kvinner. Skal vi sikre full likestilling må vi ha som mål å fjerne dei undertrykkande strukturane.

Vi kan ikkje utvikle eit sosialistisk samfunn med fridom og rettferd dersom kvinner framleis blir undertrykte.

Å sikre full kvinnefrigjering er difor den fjerde store oppgåva SV vil mobilisere til kamp for.

GLOBAL RETTFERD: For det store fleirtalet av land og menneske vil høgare levestandard vere grunnlaget for eit betre liv. For at dette ikkje skal føre til ei økologisk katastrofe, trengst det ei radikal omfordeling av makt og ressursar på global basis. I fattige land må det skje ei sosial utjamning for å sikre at velstandsvekst kan kome alle til gode. Globale klimaproblem må løysast gjennom internasjonalt samarbeid og store kutt i klimagass-utslappa, mest i dei rikaste landa.

Maktforholda i internasjonal økonomi må endrast til fordel for fattige land. Ei global demokratisering må temme dei store konserna, og det må bli slutt på utbyttinga av fattige menneske. Krig og konflikt må førebyggast gjennom økonomisk utvikling og fredsskapande arbeid.

Å arbeide internasjonalt for ei radikal omfordeling av makt og ressursar, for ei meir fredeleg verd og å avverje klimakrisa er den femte store oppgåva SV vil mobilisere til innsats for.

Det er viktige oppgåver som ligg framfor oss. Meir enn nokon gong er det naudsynt å gjere grunnleggande samfunnsendingar for å sikre folks framtid. Det held ikkje med å appellere til det gode i mennesket for å endre samfunnet. Urettferd og undertrykking byggjer på reelle maktstrukturar og på organiseringa av samfunnet.

SV veit at ein politikk for endring – for rettferd, fridom og ei løysing på klimakrisa – ikkje berre er naudsynt, men også mogleg. Velkomen med i kampen for sosialisme.

1. EIT NOREG SOM DELER GODA

SV arbeider for eit samfunn utan klasseskilnader, der den einskilde yter etter evne og får etter behov. Slik er det ikkje i dag. I Noreg har vi gjort viktige framsteg for å redusere skilnader i makt og økonomi. Likevel er folks liv og framtidsmoglegheiter avgrensa av den ulike tilgangen på makt. Mindretalet eig mesteparten av samfunnets ressursar og har stor innverknad på sentrale avgjerder. Motsetninga mellom arbeid og kapital er ei grunnleggande motsetning i alle kapitalistiske samfunn. Styrkeforholdet mellom arbeid og kapital varierer i ulike samfunn og til ulike tider, og er avgjerande for korleis samfunnet ser ut. Kompromissviljen til kapitalkreftene og aksept av velferdsstaten har vore eit resultat av ei sterk fag- og arbeidarrørsle. Arbeidarklassen har gjennom gjensidig solidaritet og organisert kamp oppnådd velstandsauke, ein sterk velferdsstat og auka makt i samfunnet.

Kvinnerørsla, miljøørsla og fredsrørsla har tilført kampen for rettferd nye og viktige dimensjonar. Grupper med svake talerøyr og lita makt har slåst fram rettar som sikrar større grad av like moglegheiter for alle.

Ei sterk venstreside og ei sterk fagrørsle har skapt den nordiske modellen. Kjernen i den er eit organisert arbeidsliv med ei sterk fagrørsle, små sosiale skilnader og ein skattefinansiert universell velferdsstat.

Sidan 1980-åra har kapitalkreftene i Noreg og Europa vore på offensiven for å svekke rettane til fagrørsla og velferdsstaten. Fri flyt av kapital, deregulering av økonomien og overføring av makt frå demokratisk valde organ til marknaden er drive gjennom utan brei debatt eller folkeleg støtte.

Det føregår i dag ein omfattande interessekamp. Det er ein kamp om makt og om kven som skal kontrollere ressursane. Den sterke omfordelinga frå fellesskapen til private, og frå arbeid til kapital, endrar styrkeforholdet mellom samfunnsgruppene i Noreg og i verda. Maktforholda i arbeidslivet er endra – frå fagrørsla og demokratiske organ til multinasjonale selskap og finansinstitusjonar.

Resultatet av offensiven til kapitalkreftene er også synleg i offentleg sektor. Privatisering, etablering av kunstige marknader og konkurranse har, saman med import av styringssystem frå privat sektor, vore med på å undergrave løns- og arbeidsvilkår, og samstundes

svekt kvaliteten på offentlege tenester og høvet til å styre dei politisk.

Den demokratiske kontrollen av kapitalen er svekt, og resultatet er ein spekulasjonsøkonomi der eit fåtal kan ta ut enorme gevinstar, medan fellesskapen må ta rekninga når det går gale. Dette fører til at økonomien blir mindre føreseieleg og meir sårbar, og er med på å skape omfattande kriser.

Globalt er det ein sterk vekst i arbeidarrørsla. I dette ligg det store moglegheiter for ei organisert fag- og arbeidarrørsle til å ta attende makt og demokratisere samfunn og arbeidsliv.

Det vi har oppnådd, er verdt å forsvare. Men det er skapt gjennom politisk kamp, og vil berre betrast med politisk kamp gjennom fagrørsla, kvinnerørsla, miljøørsla, innbyggjarinitiativ knytt til viktige einskildsaker og andre interesseorganisasjonar som kjempar for sosiale rettar. SV vil bruke posisjonen sin til å drive fram politiske reformer som avgrensar maktgrunnlaget til kapitalen, og som aukar maktgrunnlaget for dei sosiale rørsle og for vanlege folk. Slik kan vi oppnå eit Noreg som deler goda.

KAMP MOT KLASSESKILNADER

SV arbeider for at alle menneske kan delta aktivt i styringa av samfunnet, og ha avgjerande makt over sine egne liv. Vi lever i eit klassesamfunn, men klasseskilje kan erstattast av rettferdig fordeling og meir demokrati. Ein trygg økonomi for den enkelte og små skilnader er ein viktig føresetnad for fridom for den einskilde og høve til å utfalde seg. Store klasseskilnader skaper fattigdom, riv ned tillit i samfunnet, er negativt for folkehelsa, skaper sosiale problem og fører til meir kriminalitet.

Avregulering og liberalisering av økonomien har dei siste tiåra gjeve aukande sosiale skilnader i Noreg og andre vestlege land, etter ein lang periode med mindre skilnader. Ein viktig grunn er at arbeidstakarane sin del av verdiskapinga har gått ned, medan eigarane sin del har auka. Det må sjåast i samheng med auka konkurranse over landegrensene, der løn og arbeidstakarrettar er blitt ein viktig konkurransefaktor. EUs indre marknad har vore sterkt medverkande til dette. Gjennom EØS-avtalen møter Noreg det same trugsmålet.

Dei økonomiske skilnadene må reduserast gjennom arbeid og høve til utdanning for alle, saman med meir medverknad og større del av verdiskapinga til arbeidsfolk.

Sosial dumping er allereie eit problem i norsk arbeidsliv, og kan bli eit større trugsmål framover. Dei viktigaste mottiltaka vil vere å sikre flest mogleg arbeid, sterke fagforeiningar, høgt nivå på dei sosiale ytingane, god offentleg velferd og eit lovverk som hindrar sosial dumping.

Skattesystemet må fremje ei meir rettferdig fordeling av samfunnets ressurser. Personar med høg inntekt og formue må betale meir til fellesskapen enn i dag. Personar med låge inntekter må få lågare skatt. Skatt er viktig for ei direkte omfordeling, og for å finansiere ein universell velferdsstat som gjev like sjansar uavhengig av økonomi og bakgrunn. Vi må kjempe mot fattigdom med universelle velferdsordningar, god fordeling og ein målretta politikk overfor menneske som fell utanfor.

Velferdsordningar må innrettast slik at dei fremjar inkludering, og ikkje hindrar folk i å ta utdanning eller delta i arbeidslivet.

DEMOKRATISK STYRING

SV ønskjer å regulere og styre marknader for å sikre ei rettferdig fordeling av makt og ressursar, unngå forureining og legge grunnlag for fridom for den einskilde. Styring skjer gjennom eigarskap, lovregulering og med økonomiske verkemiddel.

Det skal vere offentleg eigarskap til naturressursar som gjev betydeleg grunnrente, og det offentlige bør eige dominerande selskap i marknader som er avgjerande for økonomien i landet. Dette gjeld mellom anna i finansmarknaden og i selskap som driv utvinning av dei viktigaste norske naturressursane. Det skal vere offentleg eigarskap til infrastruktur av kritisk betydning, som til dømes infrastruktur knytt til samferdsle og energiforsyning, for å sikre ei demokratisk og best mogleg utbygging og drift av samfunnet.

Historia har vist at uregulerte finansmarknader fører til økonomiske kriser og gjer demokratisk styring vanskelegare. Konkurransen innan bank- og finanssektoren har skapt spekulasjonsbobler og lånefinansiert overforbruk. Finanssektoren må endrast til først og fremst å ta vare på kjerneoppgåva si, som er å skaffe kapital til realøkonomien. SV vil arbeide nasjonalt og internasjonalt for ei sterkare regulering av finanssektoren. Det bør vere strenge grenser for kor dominerande posisjon eit selskap kan ha, og klare retningslinjer for korleis dominerande posisjonar eller konkursar skal handterast.

Retten til ein heim er grunnleggande. Den norske bustadmarknaden er mellom dei minst regulerte i Europa. SV vil ha eit meir regulert bustadmarknad med større innslag av ikkje-kommersielle utleiebustader, meir stabile bustadprisar, mindre ulik behandling av bustadeigarar og bustadleigarar, og betre tilbod til bustadlause.

EIT GODT ARBEIDSLIV

Retten til arbeid er ein grunnleggande menneskerett. Arbeidsløyse er sløsing med den viktigaste ressursen i samfunnet.

I eit kapitalistisk samfunn er arbeid ei vare som kan kjøpast og seljast, der tilbod og etterspurnad styrer prisen. Arbeidsløyse inneber at kapitaleigarane kan presse ned løner og tileigne seg større deler av verdien som arbeidet skaper. SV arbeider for full sysselsetjing og demokratiske arbeidsplassar der meirverdien av arbeidet i størst mogleg grad går til fellesskapen og dei som arbeider.

Styrkeforholdet mellom arbeidstakarar og arbeidsgivarar er avgjerande for om skilnadene i samfunnet aukar eller blir reduserte, og for korleis velferdsstaten blir utvikla. Eit organisert arbeidsliv og ei sterk fagrørsla er grunnpilarar i den norske og nordiske arbeidslivsmodellen. Denne modellen er resultat av eit kompromiss mellom arbeidstakarar og kapitaleigarar. Svekking av fagrørsla vil truge grunnlaget for dette kompromisset. SV er eit parti for arbeiderklassen. Difor kjempar vi konsekvent for utvida rettar og meir makt til arbeidarar på kostnad av kapitaleigarane.

I den norske modellen for lønsdanning har partane i arbeidslivet ei sjølvstendig rolle gjennom frie og sentrale forhandlingar. Det er viktig å forsvare og utvikle denne modellen slik at også måla om likeløn og ei god lønsutvikling i offentleg sektor blir ivaretekte.

Omfattande sosial dumping er eit trugsmål mot lønsnivå og faglege rettar, men også mot sentrale deler av velferdsstaten. Det same er aukande bruk av vikarar og andre typar mellombelse tilsetjingar. SV vil difor gjere det lettare for fagrørsla å kjempe mot sosial dumping.

Arbeidstakarane må få ein større del av produktivitetsveksten. SV vil arbeide for at ein større del av denne blir teken ut som kortare arbeidstid og betalt utdanning.

SV meiner at alle skal ha lovfesta rett til heiltidsstilling. SV vil arbeide for eit inkluderande arbeidsliv, der tilhøva blir lagt best mogleg til rette for eldre arbeidstakarar, arbeidstakarar med ulike helseproblem og menneske med funksjonshindringar.

SV vil forsvare og utvide streikeretten. Vi vil fjerne høvet til omfattande inngrep i streikeretten, til dømes ved bruk av tvungen lønsnemnd. Behovet til styresmaktene for å verne vitale samfunnsinteresser må takast vare på på måtar som ikkje avgrensar høvet til arbeidskamp.

EIN STERK VELFERDSSTAT

I Noreg har vi valt å løyse viktige velferdsoppgåver i fellesskap. SV vil vidareutvikle ein modell som sikrar at alle har tilgang til utdanning, helsebehandling og omsorg uavhengig av inntekt. Dette er viktig fordelingspolitikk, men det er også ein viktig føresetnad for verdiskaping. Framtida til velferdsstaten er uløseleg knytt til kampen for små økonomiske skilnader, eit organisert arbeidsliv og sentrale lønsoppgjer.

Eit utjamnande folketrygdsystem skal vere velferdsstatens grunnmur. Velferdsstaten skal gje skule, barnehage, helsetenester og omsorg av god kvalitet til alle. I tillegg er det naudsynt med målretta ordningar for grupper med fysiske, psykiske eller sosiale utfordringar. Velferdstenester og helsetenester skal i all hovudsak vere finansiert gjennom skattesystemet. Offentleg utdanning skal vere gratis. På sikt skal dette også gjelde barnehagar. SV meiner at vi som samfunn er tent med å betale det det kostar å bevare velferdsstaten. Å løyse oppgåver i fellesskap gjev oss betre og billigare tenester enn om dei skulle handterast av den einskilde. SV vil ha eit skatte- og avgiftsnivå som kan finansiere ein god velferdsstat.

Velferdsstaten må ta utgangspunkt i tidleg innsats. Barnehage, skule og skulefritidsordning er sentrale institusjonar for å sikre eit godt grunnlag gjennom meistring og kunnskap. Tidleg innsats betyr å førebyggje framfor å reparere. Denne tankegangen må styrkast innan helsestellet, men også i barnevern og dei sosialfaglege tenestene. På sikt er tidleg innsats det mest effektive tiltaket for å hindre fråfall i skulen og for å kjempe mot sosiale problem. Innsatsen for ikkjevaldelig konflikt-handtering må styrkast vesentleg.

Velferdsstaten må også ta utgangspunkt i trongen vår for tryggleik. Pensjonssystemet skal gje høve til ein verdig avgang frå arbeidslivet og ein trygg alderdom. Trygdesystemet skal gje inntektssikring ved arbeidsløyse, sjukdom, funksjonshemming og ulukker. Gode og tilpassa tilbod må vere tilgjengelege for alle eldre.

Utvikling av tverrfagleg samhandling mellom ulike tenester i velferdsstaten for å redusere byråkrati, betre kvaliteten på tenestene og gjere det enklare å tilpasse tenestene til menneska sine ulike behov, er ei viktig utfordring.

Det er eit offentleg ansvar å syte for velferd for alle. Større innslag av private tilbydarar av velferdstenester er med på å undergrave dette ansvaret, og svekkjer den demokratiske styringa av tilbodet. SV vil satse på, utvide og utvikle velferdsstaten. Det offentlege må ta finansieringsansvaret for velferdstilbodet, inkludert rehabilitering og tannhelse. Samstundes må velferdsstaten romme eit større mangfald av tilbod. SV vil satse systematisk på å styrke medverknaden til dei tilsette i utviklinga av velferdsstaten. Medverknad frå brukar-grupper, føresette og pårørande trengst også for å utvikle gode tenestetilbod. SV vil gje større makt til dei som er direkte involvert i, og berørt av, velferdstenestene.

Privatisering kan truge oppslutninga om, kvaliteten på og kompetansen i velferdsstaten. Dei tilsette i velferdsyrka må få ha fokus på å gje mottakarane så gode tenester som råd, ikkje på å skape overskot for arbeidsgjevaren sin. SV går difor mot konkurranseutsetjing og privatisering av offentlege tenester.

Ideelle organisasjonar utgjer i dag ein viktig og nødvendig del av velferdstilbodet. SV arbeider for langsiktige og stabile vilkår for ideelle aktørar, og er imot at kommersielle tilbod får etablere seg på deira kostnad.

SV er mot marknadsretting av offentleg sektor og ønskjer ikkje at modellar for kjøp og sal av varer blir tekne i bruk i samband med arbeid med menneske. Vi må tvert imot byggje velferd på tillit til dei tilsette og respekt for den einskilde. Kunstige marknader i offentleg sektor hindrar heilskapstenking, føreseielege tilhøve og samarbeid, og skaper uproduktivt kontrollbyråkrati.

Alle viktige velferdstenester, også sjukehus, må vere tilgjengelege så nært folk som råd. Dette må samtidig vegast opp mot omsynet til rekruttering og robuste fagmiljø. SV ønskjer ei sterkare demokratisk styring av finansiering, innhald og geografisk plassering av sentrale velferdstenester, og eit klart politisk ansvar for prioriteringane som blir gjort.

2. FRIDOM FOR ALLE, IKKJE FOR DEI FÅ

Høvet til å bestemme over eigne liv og delta i samfunnet er det som gjer oss fri.

Dominansen til marknadskreftene på stadig fleire arenaer gjer oss mindre frie. SV vil motarbeide ei kommersialisering av alle sider av folks liv. Eit mangfaldig samfunn der menneske har politiske og sosiale rettar og ikkje opplever diskriminering, gjev fridom til fleire. SV vil difor utvide demokratiet og la folkestyre erstatte marknadsmakt.

DEMOKRATI OG RETTAR

Breie og sterke folkelege rørsler kjempa utover i det førre hundreåret gradvis fram ei rekkje demokratiske rettar og institusjonar. Å forsvare, styrke og vidareutvikle det levande og breie folkestyret er ei av dei viktigaste oppgåvene i vårt hundreår.

Internasjonalt går utviklinga i retning av at fleire land utviklar diktatur, og at demokratiske institusjonar og rettar blir utvida. Samtidig ser vi at land utviklar seg økonomisk utan å utvikle eit godt demokrati. Makta til globale selskap avgrensar landa sin handlefridom, og politisk styring med produksjon av varer og tenester på ein del område blir redusert. Mange viktige samfunnsavgjerder blir fatta i lukka rom der dei som avgjerdene vedrører ikkje har noka stemme, til dømes på grunn av privatisering. Dette er med på å skape ei avmakt som kan svekke folks tiltru til dei demokratiske institusjonane og partipolitikken.

Ei profesjonalisering av politikken kan auke avstanden mellom folk flest og det politiske systemet. Samstundes opplever vi på mange område aukande politisk deltaking og aktivitet utanom dei tradisjonelle partipolitiske kanalane, både nasjonalt og internasjonalt.

SV vil vere garantisten for det grunnleggande prinsippet om frie og hemmelege val med allmenn røysterett. Vi vil kompromisslaust forsvare og styrke ytringsfridomen, organisasjonsfridomen og religionsfridomen, som er viktige føresetnader for reelt demokrati.

I eit demokrati kan ikkje viktige samfunnsposisjonar gå i arv. SV vil difor avskaffe monarkiet og innføre republikk som styringsform i Noreg.

SV vil gjere det lettare for personar med lovleg opphald i Noreg å få røysterett. Mange unge med kunnskapar og politisk engasjement får ikkje sjansen til politisk påverknad, difor vil SV senke røysterettsalderen og sikre ungdomsorganisasjonar medverknad. SV vil arbeide for målretta tiltak mot underrepresentasjon av kvinner og etniske minoritetar, og også auke bruken av kvotering.

Auka rettsfastsetjing har vore viktig for utsette grupper og som utviding av velferdsstaten. Når rettsfastsetjing blir kombinert med avgrensa ressursar, omfattande byråkrati eller kunstige marknader, blir det stilt omfattande krav til folk som vil bruke rettane sine. Lovfesting sikrar individets rettar gjennom å redusere makta til folkevalde og fagfolk, men det gjev samstundes folkevalde og ekspertar tilsvarande høve til å fråskrive seg ansvaret for lagnaden til einskildmenneske. Rettsfastsetjing utan fullfinansiering er også med på å svekke lokaldemokratiet, fordi det bind opp dei frie budsjettmidlane til kommunen. SV vil balansere dette gjennom å fullfinansiere dei rettane som blir vedtekne, arbeide for universelle løysingar og ta vare på demokratiet gjennom å avgrense bruken av detaljert rettslovgjeving.

Ein fri samfunnsdebatt er livsnerven i demokratiet. SV vil difor forsvare og styrke ytringsfridomens kår. Forsvar for ytringsfridom må likevel ikkje forvekslast med eit forsvar for meiningsinnhaldet. SV vil kjempe mot eigarkonsentrasjon i media for å sikre gode kår for ytringsfridom. SV vil styrke tilsettes rett til å uttale seg offentleg om saker som vedrører arbeidsplassen og vil kjempe mot alle forsøk på å innskrenke ytringsfridomen til arbeidstakarane.

Samane er Noregs urfolk og har rettane sine nedfelt i ILO-konvensjonen og FN-erklæringa om urfolk. Det norske samfunnet må sikre retten til samane til å bevare og vidareutvikle språket sitt, kulturen sin og næringane sine, mellom anna ved å styrke Sametinget. Også Noregs fem nasjonale minoritetar – jødar, kvenar, rom, romani og skogfinnar – har ei særeiga historie og ein kultur som dei må gjevast rom for å bevare og vidareutvikle.

DELTA KING

Fagorganisering er den viktigaste strategien for å utvide vanlege folks økonomiske makt. Kapitalens internasjonalisering må møtast med ein internasjonal

arbeidarsolidaritet. Vi må også utvikle nye økonomiske styringsreiskapar, styrke eksisterande styringsordningar og utvide offentleg eigarskap.

SV vil utvikle den tredje sektor i norsk økonomi og næringsliv, basert på samvirke og bedrifter eigde av dei tilsette. Demokrati på arbeidsplassen vil gje større påverknad på arbeidskvardagen, stimulere til å finne meir effektive løysingar og gje meir fokus på trygge arbeidsplassar enn børsverdien i selskap.

Ei styrking av vårt representative demokrati kan berre skje gjennom at avstanden mellom folk og elite blir redusert. Det er viktig å sikre høg valdeltaking i alle lag av folket. Openheit og informasjon er ein føresetnad for aktiv deltaking og høve til å påverke politiske prosessar. SV vil arbeide for auka bruk av direkte demokrati, som folkeavrøystingar og deltakande budsjettprosessar, for å gjere folk flest til aktive og ansvarlege deltakarar, ikkje berre passive tilskodarar til den politiske prosessen. SV vil slik arbeide for eit sosialistisk folkestyre med utjamning av makt og eigedom.

PERSONVERN

Tiltak som kvar for seg kan vere fornuftige på område som helse, samferdsle og justis, set personvernet under sterkt press. Bruken av registrering og kontroll av opplysningar om oss aukar. Den teknologiske utviklinga opnar stadig for nye metodar for overvaking og kontroll. SV vil ha strenge restriksjonar når det gjeld høve til lagring av opplysningar om folks kommunikasjon og rørsler. Det same gjeld tilgang til kameraovervaking og avlytting.

Retten til integritet og vern om personlege tilhøve er eit grunnleggande prinsipp som står over styresmaktene sitt ønskje om kontroll og kunnskap.

KULTUR

Kultur gjer samfunnet rikare og gjev menneska betre høve til å utvikle sine eigne, skapande evner. Kultur har ein sterk eigenverdi og fremjar betre helse, livskvalitet, utdanning, næringsutvikling og fred. Ikkje minst kan kultur utfordre etablerte sanningar og sprengje grensene for kva som er normalt og akseptert.

Eit hovudmål med kulturpolitikken må vere å sikre alle menneske tilgang til eit mangfaldig kulturtilbod. SV vil kjempe mot ei utvikling der kommersialisering på kulturfeltet innsnevvar dette mangfaldet. Alle må få høve til å oppleve kunstformer der dei bur. Dette er ei særleg utfordring for skulen og kunstinstusjonane. I skulen må alle få høve til sjølve å arbeide med kunstnariske og estetiske uttrykk. Kulturskulen må bli eit gratis tilbod til alle born og unge.

SV vil arbeide for eit inkluderande kulturliv der det er rom for både ”høgt” og ”lågt”, for profesjonelle og amatørar. Vi vil motarbeide maktkonsentrasjon i kulturlivet gjennom ein brei og mangfaldig kulturpolitikk.

Aktive og kvalifiserte kunstnarar må kunne leve av kunsten og ha arbeidsvilkår som gjer dei i stand til å skape kunst og kultur av høg kvalitet. Engasjementet som kjem til uttrykk gjennom eldsjeler i lokale lag og foreningar er med på å byggje demokratiet og motverke sosiale skilnader. SV vil sikre gode rammevilkår for organisert og uorganisert frivillig aktivitet.

Jamstelling mellom målformene nynorsk og bokmål er eit viktig prinsipp. I språk- og litteraturpolitikken skal det offentlege syte for at dei offisielle språka bokmål, nynorsk, samisk og teiknspråk blir utvikla gjennom at det blir skapt og formidla rik og variert skjønnlitteratur og sakprosa. Biblioteka skal vere gratis og tilgjengelege for alle. I mediepolitikken er det særleg viktig å sikre kvalitet og mangfald.

Kulturminnevernpolitikken skal syte for samfunnets felles minne. SV vil ha ein friluftslivs- og idrettspolitik som både stimulerer til masseaktivitet og idrett på toppnivå. Kvinneidrett må prioriterast og verdsettast på lik linje med mandsidrett.

MIGRASJON OG MANGFALD

SV arbeider for eit inkluderande samfunn der mangfald er grobotn for personleg og samfunnsmessig utvikling. SV meiner at vi som samfunn har ei plikt til å ta imot menneske med trong for vern og til å arbeide internasjonalt for å styrke rettane til menneske på flukt. SV er eit antirasistisk parti. Vi vil aktivt kjempe mot rasisme, diskriminering og framandfrykt i samfunnet.

Migrasjon har vore ein like sjølvsgad del av menneska si historie som det å vere bufast. Også norsk historie viser dette. Tidlegare har ein stor del av folket utvandra til USA på jakt etter eit bedre liv. No er det Noreg som, i kraft av å vere eit rikt og trygt land, har trekt til seg menneske som ønskjer arbeid eller vern.

Migrasjon kan skje frivillig, som oftast økonomisk motivert, eller av tvang, til dømes som følge av svolt, krig eller menneskehandel. Det er gode grunnar til å rekne med at den globale migrasjonen vil auke, på grunn av fattigdom, økologiske katastrofer, valdelege konflikhtar og vekst i folketalet.

Noreg må føre ein human og solidarisk flyktning- og asylpolitikk. Vi ønskjer ei liberal og regulert innvandring til Noreg.

Behovet for arbeidskraft kjem til å auke i framtida, ikkje minst i offentleg sektor. Også innvandring vil vere naudsynt for å dekkje behovet for arbeidskraft i framtida.

Menneske med innvandrarbakgrunn, urfolk og nasjonale minoritetar gjer Noreg til eit fleirkulturelt samfunn. Menneske med bakgrunn i ulike kulturar lever saman og påverkar liva til kvarandre. Mangfaldet i det fleirkulturelle samfunnet er eit gode. Det gjer samfunnet rikare på kunnskap, språk, kulturuttrykk, meiningar og livssyn.

I det fleirkulturelle samfunnet må det vere rom for store skilnader i levemåte, kultur og religion.

Men skal eit slikt samfunn fungere, må det også finnast eit sett med felles rettar og plikter i botn. SV vil byggje det fleirkulturelle samfunnet på demokrati, likestilling, menneskerettar, ytringsfridom og sosial utjamning. Kampen vår for likestilling inneber ei støtte til individ og minoritetar som ønskjer lik behandling og forståing for kulturen sin, men også at vi aldri kan godta kulturelle eller religiøse orsakingar for diskriminering eller for å avgrense fridomen til den einskilde.

I ei global verd blir det meir og meir vanleg at menneske har flere tilknytningar. Det treng ikkje å gjere folk til mindre lojale borgarar av Noreg. Fellesskapen vår skal ha rom for mange måtar å vere norsk på.

I eit samfunn med stort livssynsmangfald må staten vere livssynsnøytral. SV arbeider for ein sekulær stat. Eit slikt samfunn krev likevel at livssynsfridomen er sterk. Gjennom prinsippet om ein tolerant sekularisme vil vi arbeide for respekt for einskildmenneskets rett til å tru, samtidig som fellesinstitusjonane i samfunnet er livssynsnøytrale. SV vil difor avskaffe statskyrkjeordninga og sikre at offentlege institusjonar er livssynsnøytrale, samtidig som dei einskilde trussamfunna får fridom og høve til å drive verksemda si.

Inkludering handlar om at alle som bur i Noreg skal ha like rettar og plikter til å ta del i fellesskapen. Inkludering er en tovegs prosess. Både storsamfunnet og minoritetane må tilpasse seg. Innvandrarane i Noreg har generelt lågare utdanning og inntekt, og blir oftare råka av arbeidsløyse enn folket som heilskap. Ein politikk for arbeid til alle og mindre klasseskilnader er difor det viktigaste bidraget til betre inkludering. Arbeid og språkkunnskapar heng nøye saman og er nøkkelen til eit liv som aktiv deltakar i samfunnet.

3. EIN ØKOLOGISK BEREKRAFTIG ØKONOMI

Målet til SV er eit økologisk, økonomisk og sosialt berekraftig samfunn. Det er eit samfunn der makt og ressursar er rettferdig fordelt, og der naturen ikkje blir overbelasta. Det er fullt mogleg å skape eit slikt samfunn, men det krev djuptgripande endringar i måten vi organiserer økonomien på. For å få til dette vil SV sjå alle deler av politikken i samanheng. Avgjerder innanfor energisektoren, samferdsle, arealplanlegging, næringsverksemd, landbruk, bistand og utanrikspolitikkk vil alle ha mykje å seie for å nå eit slikt samfunn.

Folks kunnskap og arbeidskraft er det viktigaste for å skape ein slik økonomi. Samfunnet må difor systematisk investere i utdanning, forskning og eit godt arbeidsliv. For at framtidens generasjonar skal ha tilgang til eit godt miljø, stabilt klima og rikt naturmangfold, må omsynet til miljø vere gjennomgripande i alt vi føretek oss.

EIT MILJØVENLEG NOREG

For at Noreg skal vere eit føregangslend i miljøpolitikken, meiner SV at alle samfunnsavgjerder skal byggje på nokre grunnleggande miljøprinsipp:

- Prinsippet om berekraftig utvikling gjev vår generasjon ansvar for å gje komande generasjonar like god tilgang til natur og miljøressursar som vi sjølve har.
- Førre-var-prinsippet seier at tvilen skal kome naturen til gode når miljøkonsekvensane av eit tiltak er usikkert, og at mangel på kunnskap ikkje skal hindre tiltak for å redde truga natur.
- Prinsippet om at forureinaren skal betale for miljøødeleggingane betyr at ein skal ta omsyn til miljøkostnadene i alle avgjerder.
- Prinsippet om samla belastning betyr at inngrep i naturen ikkje skal vurderast isolert, men ut i frå tilstanden til og den totale belastninga for økosystemet.
- Prinsippet om bruk av best tilgjengeleg teknologi er viktig for at ny miljøvenleg teknologi skal takast i bruk så raskt som råd.

Klimaendringane er største miljøproblemet vårt, og Noreg må gå føre og vise at det er råd å lage eit klimavenleg samfunn. Den vestlege verda har eit energiforbruk høgt over den fattige delen av verda. Redusert energiforbruk er difor viktig både i eit globalt solidaritetsperspektiv og for å nå klimamåla våre. Energibruken må også bli meir effektiv. Energiøkonomisering vil redusere trongen for

energi og saman med ein overgang til fornybare energikjelder vil dette gje lågare utslepp av klimagassar og spare naturen for unødige inngrep.

Redusert forbruk i vår del av verda er ein føresetnad for å løyse mange miljøproblem. Vi må legge om frå fossil til fornybar energi, redusere transport og gjere den meir miljøvenleg. Eit framtidensretta næringsliv basert på klimavenleg produksjon må erstatte olje- og gassutvinning, og fangst og lagring av CO² må takast i bruk der fossil energi framleis skal brukast i stor skala. Slik kan vi utnytte norske ressursar og skape arbeidsplassar utan å kome i konflikt med miljøet.

SV er mot atomkraft på grunn av risikoen for ulukker med potensielt svært store skadeverknader og eit uløyst problem med atomavfall. I prosessen med å produsere atomkraft blir det også danna stoff som kan brukast til å produsere atomvåpen. SV ser difor kamp mot atomkraft og atomvåpen som to sider av same sak.

Noreg har eit rikt og særlege naturmangfold som vi har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på. SV vil sikre at truga arter og naturtypar blir verna eller får godt nok vern. Vi vil ta vare på og verne natur- og kulturlandskap, og styrke allemannsretten og interessene til ålmenta. Samstundes vil vi legge til rette for at alle kan utøve friluftsliv og bruke naturen, også som grunnlag for verdiskaping.

Utslepp av farlege miljøgifter og kjemikalier som skadar helse og miljø må stansast. SV vil stanse utsleppa av miljøgifter som ikkje kan brytast ned og avgrense luftforureininga særleg i utsette område. Avfall er ressursar på avvegar og skal så langt råd er gå til material- og energiattvinning.

Det er store samfunnsomstillingar som vil avgjere om vi greier å løyse miljøproblema, men einskildmennesket må også vere med. Det offentlege må legge til rette slik at det er enkelt å leve miljøvenleg og løner seg å ta miljøvenlege val i kvardagen.

Ei overordna areal- og transportplanlegging er avgjerande for å skape eit meir miljøvenleg samfunn. Det er transportpolitikken som avgjer om vi klarar å skape byar med gode og trygge bumiljø, og transportvala for framtida har mykje å seie for om klimautsleppa går ned. SV meiner at kollektivtransporten skal vere ryggrada i transportsystemet.

FRAMTIDSRETTE NÆRINGS LIV FOR HEILE LANDET

Næringspolitikken skal sikre produksjon av naudsynte varer og tenester. SV vil ha eit miljøvenleg næringsliv som skaper arbeidsplassar over heile landet. Næringslivet skal vere variert og basert på kunnskap og lokale føresetnader. Sentralisering og maktkonsentrasjon skal motarbeidast aktivt. Eit slikt næringsliv legg grunnlaget for berekraftig ressursbruk og god fordeling av makt og inntekter. Dette er avgjerande vegval for samfunnet som ikkje kan overlatast til marknadskreftene.

Eit næringsliv basert på kvalitet, kompetanse, produktivitet og nytenking er meir robust enn eit næringsliv som berre konkurrerer på pris. Engasjerte og kompetente arbeidstakarar er naudsynt for framtidens arbeidsplassar. God næringspolitikk vil seie satsing på forskning, kompetanse og innovasjon. SVs næringspolitikk er basert på fire prinsipp:

- *Vi skal produsere det samfunnet treng:* SVs næringspolitikk handlar om å finne mekanismar som stør utviklinga og utbreiinga av naudsynte produkt og tenester. Næringspolitikken må difor ha ein idé om kva samfunnet treng, men ikkje får, til dømes gode miljø- og klimaløysingar, og stimulere bedrifter til innovasjon på desse områda.
- *Kunnskap og kompetanse:* Forpliktande samarbeid mellom fagrørsla, næringslivet og styresmaktene har gjeve eit høgt lønsnivå og små lønsskilnader. Det føreset at arbeidskrafta har ein kompetanse som gjer henne attraktiv, og tvingar bedriftene til høg produktivitet. Dette er ein viktig konkurranseføremøn for næringslivet i Noreg, som næringspolitikken må forsterke.
- *Økologisk og sosial berekraft:* Næringslivet skal hauste av ressursane innanfor naturens tåleevne, slik at fornybare ressursar blir tekne vare på, klimautslepp blir kraftig reduserte og naturmangfaldet blir verna om. Næringslivet skal tilby faste stillingar med eit godt lønsnivå og eit godt arbeidsmiljø.
- *Ein desentralisert næringsstruktur:* Levedyktige og varierte arbeidsplassar må finnast der folk bur. Sterke lokalsamfunn vil gje betre utnytting av naturressursane. Nærleiken til ressursane gjev høgare kvalitet, mindre sløsing, fleire arbeidsplassar og meir demokratisk kontroll. Det betyr mellom anna å satse vidare på den varierte bruksstrukturen innanfor land bruk og fiskeri, industri og tenesteproduksjon og kultur og reiseliv i distrikta.

SV ønskjer ein variert næringsstruktur. Dette fører til større verdiskaping, at ein er mindre sårbare for konjunkturrendringar og fleire trygge arbeidsplassar. Vi vil legge til rette for utvikling av eit allsidig næringsliv som kan sikre velferd og sysselsetjing også etter oljealderen.

Fisk og andre marine ressursar, dyrka jord, skog, vasskraft og vindenergi er dei viktigaste fornybare naturressursen i Noreg. Primærnæringsane er berebjelken i mange lokalsamfunn og garantisten for mattryggleik. Samstundes er desse næringsane ei stor kjelde til forureining og utslepp av klimagassar. SV vil sjå norsk landbruk i ein global samanheng og arbeide for at næringsane i større grad produserer sunn, økologisk mat bygd på eigne ressursar. Landbruket er pressa frå mange hald, og talet på sysselsette har gått dramatisk ned siste åra. SV ønskjer ei inntektsopptapping i landbruket.

Havbruksnæringsane må gjerast økologisk og økonomisk berekraftig.

SV vil motarbeide all næringsverksemd basert på dyremishandling eller uforsvarleg dyrehold.

Noreg har ein teknologisk leiande industri med høg miljøstandard. SV vil vidareutvikle industrien for å sikre verdiskaping, sysselsetjing og betre innovasjon. Fornybar energi og miljøteknologi kan vere med på å kompensere for redusert oljeaktivitet og til å redusere klimautsleppa. Satsing på fornybar energi kan legge grunnlag for industriproduksjon og eksport av miljøteknologi. Auka støtte til utvikling og omstilling må kombinerast med miljøavgifter, strengare krav om teknologistandardar, energisparing og reduserte klimautslepp. Kraftmarknaden må styrast politisk og industrien sikrast kraft.

Tenestesektorens del av sysselsetjing og verdiskaping er i vekst. Denne sektoren omfattar eit vidt spekter av næringsar som stiller store og varierte krav til utdanning og kompetanse. Tenestesektoren har potensial for vidare vekst, og det er viktig å satse på kompetanseutvikling og tenesteinnovasjon for å utvikle sektoren vidare. Deler av sektoren har arbeidstilhøve som må bli langt betre enn i dag.

SV vil satse på informasjons- og kommunikasjons-teknologi for å legge til rette for næringsutvikling, utvikle og effektivisere offentlege tenester, fremje demokratisering og deltaking, og utjamne skilnader i makt og kunnskap gjennom deling av informasjon og teknologi.

Statleg eigarskap har spela ei viktig rolle i utviklinga av norsk næringsliv, og statens eigarskap i energisektoren har vore avgjerande for norsk industriutvikling. Det statlege eigarskapet må vidareutviklast og tilpassast nye utfordringar. Statleg eigarskap skal sikre kontroll over naturressursar og infrastruktur og vere med på å hindre utflytting av nøkkelkompetanse. Det bør også vere med på å utvikle nye nøkkelområde i eit framtidensrett næringsliv.

KUNNSKAP OG FORSKING

Kunnskap er kjelde til innsikt, danning, verdiskaping og maktutjamning. Vi veks som land og som menneske ved å vite og forstå meir. Den viktigaste formua til Noreg er kunnskapen og arbeidsevna til menneska. SV vil difor satse på utdanning og opplæring, utvikling og forskning. Dette er sentrale investeringar i utvikling av næringsliv og offentleg sektor.

SV prioriterer barnehagar og skular med høg kvalitet, rom for alle og kompetente tilsette. Det er viktig for alle born å få utvikle evnene og talenta sine. Ved sida av å tileigne seg teoretiske og faglege perspektiv og ferdigheiter, vil SV at born og unge skal få utfalde seg kreativt, kunne tenkje kritisk og samarbeide med andre menneske.

Kvaliteten på fagutdanninga er heilt sentral for eit konkurransedyktig næringsliv i Noreg. Det er ei sentral samfunnsoppgåve å syte for at alle får høve til å fullføre vidaregåande opplæring. Dette inkluderer læreplassar i yrkesfag. SV vil systematisk arbeide for å heve statusen til fagutdanninga for å sikre rekruttering og redusere status- og identitetsskilnader mellom akademisk og praktisk utdanning.

SV går inn for ein variert og heilskapleg skuledag som kombinerer fag, fysisk aktivitet, mat og andre praktiske, sosiale og estetiske aktivitetar. Vi må kjempe mot fråfall i opplæring med tidleg innsats, tydelege forventningar og tettare oppfølging. Ein meir praktisk skule med fleire, kompetente tilsette, ei styrka læringordning i tett samarbeid med næringsliv og offentleg sektor og sikring av alternative utdanningsveggar er viktig.

Grunnforskning er viktig for å styrke forståinga av oss sjølve og verda, for å utvikle samfunnet vidare og danner grunnlaget for framtidig verdiskaping. SV vil sikre at det er nok ressursar til grunnforskning. Prinsippet om den frie forskinga må vernast. Samstundes ønskjer SV at det skal forskast meir på dei viktigaste utfordringane for samfunnet, til dømes klimaspørsmål og utvikling av velferdsstaten. Dette må speglast att i forskingspolitikken.

Universitets- og høgskulesektoren har ei viktig rolle i samfunnet. Den skal gje lik rett til utdanning, arbeidskraft som samfunnet treng, og fremje kunnskapsbasert offentleg debatt. Universitet og høgskular må vere offentleg finansiert og byggje på eit breitt kunnskaps- og læringssyn. Studentar og akademisk tilsette gjer eit samfunnsnyttig arbeid ved å tileigne seg og utvikle kunnskap, og må gjevast gode arbeids- og læringstilhøve. Samfunnet må legge til rette for gode butilhøve og lånevilkår slik at alle blir sikra reelt høve til høgare utdanning.

INFRASTRUKTUR

Ein framtidsretta og distriktstilpassa næringspolitikk må kombinerast med ei satsing på infrastruktur som reduserer tidsbruk og transportbehov. Det er ei offentleg oppgåve å syte for naudsynt infrastruktur og store investeringar, som bygging av jernbane, kollektivtrafikk, vegar, hamner, flyplassar og infrastruktur for elektronisk kommunikasjon. Dette er viktige område for samfunnsutviklinga som må sjåast i samheng med kvarandre. Det krev demokratisk styring, og utbygginga kan difor ikkje overlatast til marknadskreftene.

SV meiner at programvare som er utvikla i offentleg regi, skal gjerast tilgjengeleg som fri programvare slik at den kan vidareutviklast i samarbeid og takast i bruk av kven som helst.

SV meiner at offentleg eigarskap innan kollektivtransport er naudsynt for å sikre god samhandling og gode tilbod innan transportsektoren. I tillegg meiner SV det må leggst vekt på å utvikle tilpassa transporttilbod i meir griskrende strok.

4. FEMINISME – FRIGJERING OG LIKESTILLING

SVs mål er eit samfunn der kjønn ikkje set grenser for fridom. Alle menneske skal ha like sjansar i samfunnet, uavhengig av kjønn, seksuell orientering eller kjønnsuttrykk.

Noreg er eit av verdas mest likestilte land. Det er ikkje tilfeldig, men skuldast den innsatsen venstresida og kvinnerørsla i Noreg har lagt ned gjennom meir enn hundre år. Kvinner i Noreg har i dag rettar og moglegheiter dei fleste kvinner i verda ikkje har. Men det er framleis langt att før vi har eit likestilt samfunn.

SV er eit feministisk parti. Det betyr at vi erkjenner at kvinner blir undertrykte politisk, sosialt og økonomisk – og at vi vil gjere noko med det. Kvinner er underrepresentert i maktposisjonar, kvinner eig mindre og tenar mindre enn menn. Det skuldast maktstrukturar i samfunnet som blir haldne oppe av tradisjon, kultur og økonomi. SV er tilhengar av å ta i bruk radikale verkemiddel for å endre strukturane som held oppe kjønnsmakta i samfunnet, mellom anna kvotering av kvinner til maktposisjonar.

Noreg har ein av dei mest kjønnsdelte arbeidsmarknadene i Europa. Samstundes har tradisjonelle kvinneyrke vesentleg lågare status og løn enn tradisjonelle mannsyrke. Kvinner tener i gjennomsnitt mindre enn menn, jobbar oftare deltid og er oftare tilsette i mellombelse stillingar. Mange kvinner er økonomisk avhengige av partnaren sin. I tillegg gjer kvinner framleis dei fleste uløna oppgåvene i familien.

Økonomisk sjølvstende er nøkkelen til kvinnefrigjering. Kampen for likeløn og lovfesta rett til heiltidsarbeid må difor vere ein berejning i det feministiske arbeidet.

Arbeidslivet må leggest til rette slik at det er enkelt for kvinner og menn å kombinere arbeid og barneomsorg. Kortare arbeidsdag må vere eitt mål i dette arbeidet. Samstundes må omsorga for born fordelast meir likt mellom mødre og fedre. Menns rett til permisjon må styrkast, og samfunn og arbeidsliv må endrast slik at både menn og kvinner tek del i omsorga for born. SV vil arbeide for permisjonsordningar og andre velferdstiltak som fører til auka likestilling i familien.

Kampen for likestilling mellom kvinner og menn må ha eit særleg fokus på kvinner med innvandrarbakgrunn. Det må leggest til rette for at kvinner med innvandrarbakgrunn

oppnår økonomisk sjølvstende slik at dei kan ta eigne val. I dette arbeidet er det naudsynt med særskilte ordningar som aukar sysselsetjinga blant kvinner med innvandrarbakgrunn.

Kvinner er overrepresentert blant verdas fattige. I mange land går det framleis føre seg ei systematisk, formell diskriminering av kvinner. Mange kvinner har ikkje makt og mynde over eigen kropp og seksualitet, og får ikkje moglegheit til arbeid og utdanning. Samstundes veit vi at kvinnene ofte er nøkkelen til utvikling i fattige land. SV vil styrke kvinnerettar i internasjonal politikk.

Kjønnsrollene som gutar og jenter veks opp med, er ein viktig del av grunnlaget for kjønnsmakta i samfunnet. Skulen og barnehagen må vere med på å bryte ned desse kjønnsrollene. For SV er målet å bli kvitt alle forventningar og fordomar baserte på kjønn, fordi dei stengjer for fridom og livsutfalding for menneska. Auka vekt på utsjånad og kropp rammar spesielt unge jenter, men set grenser for alle menneske. Forventningar knytt til kropp og utsjånad er med på å skape utryggleik, ufridom og kjøpepress. Ein eigen venleiksindustri tenar enorme summer på kosmetiske operasjonar og venleiksprodukt. SV vil kjempe mot dette venleikstyranniet.

Det mest ekstreme utslaget av makttilhøva mellom menn og kvinner kjem til uttrykk gjennom menns vald mot kvinner. Dette er eit alvorleg samfunnsproblem både i vårt land og internasjonalt. Vald mot kvinner og born blir brukt systematisk som våpen i konflikhtar. I Noreg ser vi at noverande eller tidlegare partnarar ofte står bak valdshandlingane. Det må ein langt større og meir systematisk innsats til frå samfunnets side for å kjempe mot denne typen vald. På same måte må seksuell trakassering av kvinner sjåast som eit samfunnsproblem, og ikkje som eit problem for den einskilde kvinne.

Prostitusjon er eit uttrykk for maktforhold som gjer menneskekroppen og seksualitet til ei salsvare, og ei tung drivkraft for menneskehandel.

Menneskehandel er blitt ein milliardindustri på linje med våpenhandel og narkotikaomsetning. Det er eit trugsmål mot menneskeverdet når kroppen blir redusert til ei vare som kan kjøpast for pengar. Difor arbeider SV mot porno, prostitusjon og strippeklubbar. SV vil kjempe mot alle former for overgrep og alt anna misbruk av born.

SV vil kjempe mot all diskriminering, vald og trakassering på grunnlag av seksuell orientering og kjønnsuttrykk. Lesbiske, homofile, bifile og transpersonar skal ha dei same rettane og moglegheitene som menneske med heterofil orientering. Noreg må vere ein pådrivar i det internasjonale arbeidet for å styrke rettar og livsvilkår for lesbiske og homofile.

5. GLOBAL RETTFERD

Verda har nok ressursar til at alle menneske kan leve godt, men desse er grovt urettferdig fordelt. For å få ei rettferdig og fredeleg verd trengst ei radikal omfordeling av makt og ressursar, ein energibruk som ikkje skaper farlege klimaendringar og ein økonomi underlagt demokratisk styring.

Motkreftene mot demokratisering og utjamning er sterke. Endring er berre mogleg gjennom politisk og fagleg organisering, og solidaritetskamp på nasjonalt og globalt nivå.

Ein utemd kapitalisme er verken økologisk, økonomisk eller sosialt berekraftig, og gjev sterk maktkonsentrasjon hjå store, transnasjonale konsern. Økonomisk makt samla på få hender er eit trugsmål mot reelt demokrati. Konsentrasjon av privat eigarskap til kapital er kjelda til mange av skilnadene i samfunnet. Det er difor naudsynt å finne former for samfunnsmessig styring som set strengare rammer for kapital og ressursforvaltning på viktige område, og som gjev meir demokrati.

Følgjene av den nye økonomiske verdsordninga er ei massiv utvikling av skilnader. Skilnadene aukar på fleire nivå i verdssamfunnet – mellom fattige og rike land, mellom fattige og rike i rike land, og mellom fattige og rike i fattige land.

Opphevinga av økonomiske reguleringar for kapitalen har opna for ei omfattande global omstrukturering av produksjonen. Store deler av industriproduksjonen i dei rike landa er blitt flytta til land med billigare arbeidskraft. Dei multinasjonale selskapa har gått i spissen for denne utviklinga, og eit relativt lite tal på selskap dominerer no store deler av internasjonal økonomi. Kamp om å trekkje til seg investeringar, saman med manglande politisk regulering, gjer at desse selskapa langt på veg kan diktere politikkenes handlingsrom i ulike land.

Verda er i endring. USA får konkurranse av Kina som den dominerande økonomiske stormakta, og store land i Asia, Amerika og Afrika spelar ei sterkare rolle i internasjonal økonomi. Nye globale maktforhold skaper ikkje automatisk ei meir rettferdig verd. Enorme skilnader mellom rike og fattige land, og internt i det einskilde land, gjer omstilling til eit økologisk og sosialt berekraftig samfunn vanskeleg. Sjølv om mange kjem seg ut av fattigdom, finst det framleis store skilnader og

utbytting. Makttilhøva i internasjonal økonomi sender kapitalstraumar frå sør til nord, og skaper meir urettferd.

DEMOKRATISERING AV INTERNASJONAL ØKONOMI

Ein råare global kapitalisme gjer det naudsynt å styrke motkreftene. For å skape rettvis fordeling av makt og ressursar og hindre miljøproblem må marknader styrast og økonomien demokratiserast. Arbeidstakarrettar må forsvarast mot presset frå internasjonal konkurranse. Miljøet må forsvarast gjennom å sikre at forureinar må betale for all forureining og gjennom forbod mot farlege utslepp. Rettvis fordeling må sikrast gjennom globale skattar og ein betre utviklingspolitikk.

Slike omsyn er viktige for menneske over heile verda. Dei må gå føre omsynet til profitt og særinteressene til stormaktene. SVs mål er internasjonale økonomiske institusjonar og reglar som sikrar rettvis fordeling, arbeid og miljø.

SV ønskjer eit sterkare og meir demokratisk FN og at fleire internasjonale avgjerder blir flytt til organ i FN-regi. Ei solidarisk verd treng fleire avtalar som er juridisk forpliktande for alle statar og verksemdar. I dag blir for mange avgjerder tekne i internasjonale organisasjonar som er med på å stadfeste dei rådande maktforholda og skilnadene, som IMF, Verdensbanken, WTO og G20. At desse blir demokratiserte eller erstatta med eit sterkare FN og meir demokratiske institusjonar, tek vare på interessene til dei svakaste statane og det store fleirtalet av verdas folk. Skal makta til dei globale konserna utfordrast, krevst det ei global motmakt. Det må skje gjennom fagorganisering, internasjonalt fagleg samarbeid og ei mobilisering av politisk styring av kapitalen både på nasjonalt og internasjonalt nivå.

GLOBAL OMFORDELING

Dei gigantiske skilnadene mellom rike og fattige må nedkjempast både mellom land og i land. For å skape utvikling og global omfordeling trengst store endringar i verdas økonomiske struktur. I dag går dei store pengestraumane frå dei fattige til dei rike.

Openheit om internasjonale pengestraumar er ein føresetnad for å stogge ulovleg kapitalflukt ut av fattige land, som i omfang er mange gonger større enn utviklingshjelpa. Skatteparadis må nedkjempast, og selskapa må

påleggast å rapportere investeringar, verksemd, inntekter og skatt for kvart enkelt land dei opererer i.

SV arbeider for utviklingsfremjande internasjonale handelsreglar som tek vare på interessene til fattige folk i fattige land. Handelsreglane må gje utviklingslanda politisk handlingsrom, og ikkje ta frå dei verkemiddel som har vore sentrale i vår eiga utvikling, som konsesjonsreglar, heimfallsrett og krav til lokalt innhald ved investeringar. Det er særleg viktig at landa får høve til å byggje opp eit variert næringsliv med meir avansert vare- og tenesteproduksjon, der arbeidstakarrettane blir sikra. Lokal matproduksjon må kunne skjermast mot å bli utkonkurrert av subsidierte landbruksprodukt frå rike land. Eit utviklingsfremjande handelssystem må også redusere transport, for å sikre miljøomsyn og smittevern.

Stor gjeldsbør skaper avhengigheit og skeive makttilhøve mellom låntakar og utlånar. Det trengst internasjonale prinsipp for ansvarleg långjeving og låntaking som kan hindre nye gjeldsfeller. Illegitim gjeld må slettast.

SV arbeider for å legge internasjonale skattar på finanstransaksjonar og transport som kan vere med og finansierte utvikling og klimatiltak i fattige land. Noreg må bli eit føregangsland ved sjølv å innføre slike skattar og avgifter.

Utviklingshjelpa frå rike land må aukast og brukast i samsvar med planar og prioriteringar i mottakarlanda. Støtte til klimatiltak må kome i tillegg til eksisterande hjelp.

INTERNASJONALE MILJØ- OG KLIMAUTFORDRINGAR

Målet til SV er eit økologisk, økonomisk og sosialt berekraftig samfunn. Det er eit samfunn der makt og ressursar er rettferdig fordelt, der konflikhtar blir løyst fredeleg og der naturen ikke blir overbelasta.

Det er fullt mogleg å skape eit slikt samfunn, men det krev djuptgripande endringar i måten vi organiserer samfunnet på.

Naturen skal takast vare på fordi vi som menneske er avhengige av den, men også fordi den har verdi i seg sjølv. Eit rikt naturmangfald er den viktigaste ressursen vår og sikrar oss mat, medisinar, materialar og livskvalitet.

Naturressursane er avgrensa ressursar som må setje rammene for all økonomisk aktivitet. Jordas ressursgrunnlag er no truga av eit økonomisk system som ikkje tek omsyn til miljøet. Kapitalismens tvang til vekst øydelegg ressursgrunnlaget og overbelastar naturen, samstundes som den reduserer menneska til forbrukarar. Kostnadene ved øydelegging av livsgrunnlaget til menneska blir ikkje tekne med i dei økonomiske aktørane

sine rekneskap, men blir betalte av dei fattige og marginaliserte, og skuva over på framtidige generasjonar. Skal vi løyse klimaproblema og verne artsmangfaldet, krevst det ei fundamental omlegging der økologiske grenser og omsynet til menneske og miljø er styrande for økonomien.

Klimaendringar er saman med global fattigdom og skeiv fordeling den største utfordringa menneska står overfor. Menneskeleg aktivitet har auka mengda med klimagassar i atmosfæren med over en tredel. Det betyr at havet stig, at svolt som følgje av tørke vil sende millionar av menneske på flukt, at tusenvis av artar vil forsvinne og at enorme verdier blir øydelagde.

Ein global temperaturauke er allereie i gang. Vi må hindre at temperaturauken på jorda kjem over to grader frå førindustrielt nivå dersom vi skal unngå alvorlege, uopprettelege skadar på menneske og miljø. Det krev at dei globale utsleppa av klimagassar blir reduserte drastisk og at omsynet til klimaet må gjennomsyre alle avgjerder.

Ingen av innbyggjarane på jorda har større rett enn andre til å sleppe ut klimagassar i atmosfæren. Men den rike delen av verda har stått for mykje større klimautslepp enn menneske i fattige land, samstundes som det er folk i fattige land som blir ramma hardest av klimaendringane. Dette gjer at rike land står i ei klimagjeld til fattige land. Dei rike landa må difor ta ansvar både for å kutte sine egne utslepp og for å finansierte utsleppskutt og klimatilpassing i den fattige delen av verda. Utviklingsland må også få høve til auka velferd, men utan å belaste miljøet slik Vesten har gjort. Først då kan vi skape klimarettferd.

Matproduksjonen i verda må sikrast mot overutnytting av ressursar og eit industrielt fiskeri og landbruk som overforbrukar naturressursane. SV meiner at matproduksjonen må ta vare på det biologiske mangfaldet, fremje mindre transport av mat og avgrense klimautsleppa. Prinsippet om matsuverenitet må leggast til grunn, slik at land på ein demokratisk måte kan utforme landbrukspolitikken så den sikrar mat til landets eige folk. For å sikre matproduksjonen må dyrkbar jord vernast mot nedbygging.

Det trengst ei omfattande omprioritering av verdas ressursar for å nå målet om eit berekraftig samfunn. Eit meir demokratisk samfunn med sterkare politisk styring av økonomien er difor nødvendig for å løyse miljøproblema.

Dei store pengane og dei kloke hovuda må brukast til forskning og teknologiutvikling som styrer samfunnet i økologisk retning. Samfunnsplanlegginga må styrkast slik at viktige sektorar som transport, industri og landbruk tek omsyn til miljøet. Då må makt flyttast

frå store selskap og over til demokratiske organ som kan ta avgjerder til beste for menneske og miljø. Slik heng miljøkampen nøye saman med kampen for utjamning og demokrati.

EI FREDELEGARE VERD

Vi ønskjer ei verd der det finst internasjonale reglar og institusjonar for å sikre fred og tryggleik, samstundes som så mange avgjerder som råd blir tekne nær folk for å sikre demokrati og folkestyre. SVs internasjonale arbeid er forankra i fredsrørsla, menneskerettsrørslar og arbeidarrørsla.

Trass i viktige framsteg tek krig og væpna vald livet av mange menneske kvart år, særleg fattige menneske i fattige land, og atomarsenalet til stormaktene kan framleis utrydde livet på jorda mange gonger. Brota på internasjonal lov og rett er framleis mange, og fattigdom og utbytting er ei viktig årsak til konflikt. NATO er med på å sikre at dei rikaste landa kan ta i bruk både økonomiske og militære verkemiddel for å sikre interessene sine.

I dag er USA ei dominerande supermakt, men også regionale stormakter spelar ei tyngre internasjonal rolle. Klima, fordeling og fred står fram som tre globale utfordringar som er tett samanvovne.

Målet til terrorismen er å skape frykt og utryggleik, og blir utøvd både i statleg og ikkje-statleg regi. Same kva årsaka er kan terrorisme aldri forsvarast. Innanfor dei rammene som omsyn til demokratisk kontroll, menneskerettar og personvern set, vil SV støtte naudsynte vernetiltak mot terroraksjonar. Vi kan berre få ei langsiktig løysing på utfordringa frå ulike former for terror dersom vi fjernar dei faktorane som skaper grunnlag for ekstremisme og terrorisme.

Atomvåpenarsenala i verda utgjer eit stort trugsmål mot fred og tryggleik, og spreiring av atomvåpen kan få katastrofale følgjer. SV vil difor arbeide for ein internasjonal konvensjon som forbyr atomvåpen, og for full atomnedvæpning. Noreg bør søkje samarbeid med andre land som arbeider for eit forbod mot atomvåpen. SV vil sikre at forbodet mot produksjon, bruk og handel med landminer, klasevåpen, kjemiske og biologiske våpen blir overhalde og styrkt. Det må innførast eit internasjonal forbod mot bruk av utarma uran i våpen.

SV er eit fredsparti. SVs utgangspunkt er at konflikter skal bli løyst med ikkje-valdelege middel.

SV tek avstand frå all bruk av militærmakt som ikkje er heimla i FN-pakta. Invasjonane på 2000-talet i Irak og Afghanistan har vist dei katastrofale følgjene slik bruk av militærmakt kan få. SV stør okkuperte land og undertrykte folk i deira kamp for fridom og demokrati.

Konfliktar innanfor land og væpna vald tek livet av langt fleire menneske enn krig mellom land. FN må engasjere seg langt sterkare i desse konfliktane. Utvikling, førebygging og rettferdige og langsiktige fredsprosessar kan vere med på å hindre krig og starte ei fredeleg utvikling.

SV vil styrke menneskerettar, internasjonale avtalar og institusjonar som forvaltar dei. Vi vil ha sterkare høve til å setje i verk sanksjonar for å sikre desse. SV opnar for å bruke boikott og sanksjonar i situasjonar der andre diplomatiske, politiske og mellomfolkelege verkemiddel har vist seg utilstrekkelege.

INTERNASJONAL ORGANISERING

I møte med klimakrisa, verdas fattigdom og brot på menneskerettar ser vi stor trong for internasjonalt samarbeid basert på forpliktande avtalar mellom land.

Den globale miljøforvaltninga er fragmentert og svak. SV arbeider for å styrke det internasjonale miljøarbeidet slik at verdssamfunnet kan setjast i stand til i fellesskap å løyse dei globale miljøutfordringane, som farlege klimaendringar og masseutrydding av plante- og dyrearter.

Globale utfordringar som klimaendringar, brot på menneskerettar, skeivfordeling og fattigdom, krig og konflikt må møtast med både styrking av demokrati og folkestyre i kvart einskilt land, og med forpliktande internasjonalt samarbeid. Genève-konvensjonane og FNs menneskerettsfråsegn er døme på gode overnasjonale reglar som, trass i manglar, vernar fridomen til einskild-individ og dermed er med på å styrke folks fundamentale demokratiske rettar. Slike ordningar er nødvendige for å få til effektive tiltak raskt nok til å møte nokre av dei største utfordringane i vår tid.

SV stiller seg derimot skeptisk til overstatlegheit der denne trekkjer avgjerder lengre bort frå folket og dermed svekkjer dei demokratiske rettane deira. Dette gjeld mellom anna EUs overnasjonalitet, der avgjerder som er avgjerande for samfunnsorganiseringa i dei einskild-land blir tekne så langt unna folket som råd. Denne typen overnasjonale ordningar er dobbelt negative: Folkestyret blir svekt, og blir erstatta med ei nyliberalistisk økonomisk ordning som verken er demokratisk eller kan sameinast med sosialismens mål og verdier.

NORSK UTANRIKS- OG TRYGGINGSPOLITIKK

SV meiner norsk utanriks- og tryggingsspolitikk må byggje på to perspektiv:

- Ei klar stemme for global rettferd, løysing på klimaproblema, nedrustning, fredeleg konfliktløysing og demokrati.
- Ansvar for eiga trygging i nærområda våre.

Noregs internasjonale stemme må styrast av det som kan sikre global rettferd, også der dette kjem i konflikt med norske eigeninteresser. Det viktigaste for ei fredelegare verd er å førebyggje konfliktar og redusere fattigdom og skilnader. SV meiner at Noreg skal halde fram med å spele ei meklarrolle i konfliktar der det er ønskje om det. Eit kjenneteikn for Noreg skal vere satsinga vår på diplomatiske, økonomiske og politiske verkemiddel i møte med krig og konflikt. Vi skal vere ein pådrivar for menneskerettar og arbeide for nedvæpning. Noreg må vere ei sterk stemme internasjonalt for å motarbeide at den sterkastes rett skal gjelde, og at dei rikaste statane og selskapa berre skal kunne diktere den globale utviklinga.

Noreg må arbeide for å styrke internasjonale spelereglar. Vi må også vere budde til på eiga hand å innføre reglar vi kjempar for internasjonalt, til dømes når det gjeld økonomi, våpen og klima. Det er i vår eigeninteresse å betre internasjonale spelereglar, og det er svært viktig for å hindre krig, urettferd og klimaproblem.

Noregs rolle i verda består av meir enn den uttalte utanriks- og utviklingspolitikken vår. Noregs fotavtrykk er prega av investeringane til oljefondet, verksemda til norske selskap i andre land og sterke eksportinteresser. Det trengst langt meir politisk styring av norske investeringar og norsk eksport, for at desse ikkje skal vere i strid med omsynet til utvikling og miljø. Statlege selskap må påleggast strenge krav til verksemda si i utlandet. Eksportinteressene må ikke gå føre fattige lands trong for politisk handlingsrom i internasjonale handelsforhandlingar. SVs mål er ein samstemt norsk politikk for fred og utvikling.

Pensjonsfondet (SPU) gjer Noreg til ein stor finansiell aktør globalt. Dei etiske retningslinene har vore viktige for å setje ein stoppar for at Noreg gjennom oljefondet er med på alvorlig miljøødelegging, barnearbeid eller våpenkappløp. Men det er mogleg å bruke fondet langt meir aktivt for å fremje fred, utvikling og miljø over heile verda, og SV meiner vi har plikt til å ta dette høvet i bruk. Fondet må brukast aktivt for å påverke konsern, pensjonsfond, andre investorar og regjeringar.

Investeringane til pensjonsfondet bør brukast til direkte investeringar for miljø og utvikling i fattige land.

Slike investeringar bør særleg setjast inn i land som respekterer demokratiske rettar, urfolksrettar, kvinnerettar og faglege rettar. Slik kan utviklingsland bli mindre avhengig av lån frå IMF og Verdensbanken som stiller krav om å føre ein marknadsliberal, miljøødeleggande og fattigdomsskapande politikk. For framtidige generasjonar er løysing av klimakrisa og globale fattigdomsproblem avgjerande i seg sjølv, men også ein føresetnad for at fondet kan støtte dei økonomiske pliktene sine.

EUs marknadsliberalisme inneber ei systematisk styrking av kapitalkreftene på kostnad av fagrørsla og andre motkrefter i Europa. EU undergrev demokratiet og svekkar høvet til folkeleg deltaking. Utanfor EU står Noreg langt friare til å kjempe for global rettferd i solidaritet med dei som treng det mest. SV er difor motstandar av norsk EU-medlemskap og EØS-avtalen.

Hovudoppgåva i norsk tryggingsspolitikk er å verne om det store norske land- og sjøterritoriet og dei tryggingssutfordringane det skaper. Store fiskeressursar, uvisse om energiressursar, et styrkt Aust-Asia og Russland og ei gradvis opning av Nordaustpassasjen på grunn av issmelting i Arktis gjer nordområda viktigare og meir konfliktfylte. Noreg må søkje eit godt samarbeid med Russland og andre statar om å forsvare miljø og god ressursforvaltning i nordområda.

Gjennom NATO-medlemskapen er Noreg del av ein militær strategi som byggjer på bruk av atomvåpen og opnar for offensive militære operasjonar utanfor NATOs område. Dette er truslar mot tryggleiken vår. NATO-medlemskapen og det tette bilaterale militære samarbeidet knyter oss for einsidig til USA i tryggingsspolitikken. SV er mot norsk medlemskap i NATO. Noreg bør i staden samarbeide med dei landa vi har sterkast interessefelleskap med. Innan forsvar, økonomi og andre felt er det rom for ei tettare nordisk politisk samanslutning. Det vil også styrke den nordiske stemma internasjonalt.

Det norske forsvarets viktigaste prioritet er oppgåvene i nærområda våre. Det gjeld tradisjonelle militære truslar og tryggingssutfordringar knytt til ressursar/miljø, samfunnstryggleik og terror. SV vil styrke Noregs politiske bidrag til fredsbygging og utvikling i sårbare statar, til vern av sivile og respekt for dei humanitære prinsippa i væpna konflikt. Noreg kan delta i fredsbevarande operasjonar med eit klart FN-mandat. Slike operasjonar må vere i FN-regi. SV støttar ikkje norsk deltaking i militære operasjonar på framandt territorium som bryt med dette. Prinsippet om allmenn verneplikt bør haldast oppe. Noreg skal ikkje selje våpen til land i krig, heller ikkje til allierte land i krig. SV ønskjer å redusere den norske krigsmaterielleksporten.

EIT SOSIALISTISK FOLKESTYRE

Kampen for rettferd og fridom for alle menneske kan aldri avsluttast. Ingen ideologi eller samfunnsform er eit mål i seg sjølv. SV kjempar for eit sosialistisk samfunn fordi ei ny samfunnsorganisering er naudsynt for å løyse dei store oppgåvene i vår tid og sikre alle menneske fridom og like rettar.

Eit sosialistisk samfunn kan ikkje utviklast på teiknebrettet, men må formast gjennom folkeleg deltaking og politisk kamp. Eit sosialistisk samfunn må innebere at klasseskilje blir fjerna og at goda blir delte for å sikre økonomisk og sosial likskap, at politikken blir demokratisert for å fremje folks aktive deltaking og at dei som arbeider eller fellesskapet eig og kontrollerer resursane.

Sjølv om rikdomen i samfunnet blir skapt av vanlege menneske gjennom arbeid, er eigedom i kapitalistiske samfunn konsentrert i hendene på eit mindretal. Den skeive fordelinga av eigedom fører til ulikskap og klasseskilje. Skal goda delast rettferdig, må arbeidslivet demokratiserast. SV ønskjer ein økonomi med arbeidareige, samvirke og sjølvstendig næringsverksemd. Men demokrati i arbeidslivet er likevel berre ein føresetnad for rettferd. Også i ein økonomi dominert av demokratiske eigarformer, vil økonomiske skilnader måtte jamnast ut av det offentlege.

Ein sosialistisk økonomi må trygge råderetten til fellesskapen over samfunnets viktigaste ressursar. Ein utvida offentleg sektor stiller strenge krav til openheit, direkte folkemakt og kontinuerleg kamp mot korrupsjon og maktmisbruk.

Eit sosialistisk samfunn har trong for både sentral planlegging og marknadsmekanismar. Alle skal ha rett til å påverke økonomien, og behova til menneska skal styre produksjonen. Samfunnsstyring er naudsynt for å ta vare på omsynet til miljøet og rettferdig fordeling av samfunnets ressursar. På ein del område er likevel ein marknad den beste måten å organisere tilhøvet mellom konsumentar og produsentar. Utjamning av økonomiske skilnader vil gjere at marknaden i langt større grad vil reflektere ulike ønskje og behov, og ikkje først og fremst ulik kjøpekraft slik som i dag.

Rettferdig fordeling er ein føresetnad for ein velfungerande marknad.

ENDRING ER MOGLEG

Vår sosialistiske overtyding byggjer på at alle menneske er like mykje verdt. Klasseskilje kan erstattast av rettferdig fordeling og meir demokrati. Vår visjon er eit samfunn der ingen har makt til å utnytte andre menneske og der omsynet til miljøet blir sett framfor profit.

Vi menneske skaper vår eigen røyndom. Vi blir påverka og forma av det samfunnet vi lever i. Vi blir fødde inn i eit samfunn som er fullt av normer og lover skapte av menneske gjennom tusenvis av år. Samfunnet er i stadig endring ettersom folk påverkar det. Det gjer at folk gjennom medvitte sitt og dei aktive handlingane sine har føresetnader for å skape eit jamstelt og solidarisk samfunn.

Mennesket er i sin natur aktivt og produktivt. Det gjer at vi kan skape, men også løyse store felles problem som møter menneskeætta. SV arbeider for eit samfunn som gjev alle høve til utvikling og deltaking. Rettferdig fordeling og mangfald gjev føresetnader for at menneske kan leve på ulike måtar og utvikle relasjonane og dei skapande evnene sine. SV arbeider for eit samfunn der vi løyser viktige oppgåver i fellesskap.

Menneske har ei unik evne til solidaritet og til å setje seg inn i andre sine opplevingar. SV arbeider for eit samfunn der vi ikkje blir dømde og rangerte etter kjønn, hudfarge, seksuell legning eller storleiken på lommeboka. Det gjer at det er sjølvsgatt for oss å kjempe på lag med dei gruppene i samfunnet som blir diskriminerte, undertrykte og usynleggjorde.

SV skal arbeide for at rettane til born blir synleggjorde og konkretiserte i utviklinga av det norske samfunnet.

STERKE ALLIANSAR

For SV går arbeid i og utanfor folkevalde organ hand i hand. Demokratiet blir utvida og fungerer best når folk flest blir engasjerte i politisk arbeid og har direkte innverknad på politiske avgjerder. Folkelege demokratiske rørsler sin innverknad på politikk er ein føresetnad for eit velfungerande demokrati. Det er avgrensa kva eit sosialistisk parti kan oppnå gjennom eit parlamentarisk system åleine.

Deltakande demokrati på ulike samfunnsområde er ein berebjelke i SVs strategi for auka folkemakt.

SV deler mange mål med store folkelege rørsler og vil styrke banda til rørsler og organisasjonar. Internasjonalt vil vi vere ein del av breie sosiale rørsler som mobiliserer ei motmakt mot globale konsern og politiske elitar. Nasjonalt er vi eit talerøyr inn i politikken for radikale folkelege rørsler som vil trekkje Noreg mot venstre.

SV er eit feministisk parti, og ein av våre viktigaste allierte er difor kvinnerørsla. Vi har lenge stått saman i kampen for kvinners rettar og for like sjansar uavhengig av kjønn. Det å organisere seg er ein føresetnad for å kunne drive effektiv kvinnekamp. Det er berre når vi står saman vi er sterke nok til å utfordre den skeive maktfordelinga mellom kjønna. SV må halde fram med å samarbeide med kvinnerørsla og arbeide for å styrkje den. Berre slik kan vi drive den feministiske kampen framover.

Den viktigaste organiserte motkrafta mot kapitalkreftene i dag er fagrørsla. Den sit på maktmiddel som kan utfordre kapitalkreftene, fordi den organiserer folk som gjennom arbeidet sitt skaper verdiane i samfunnet. SVs samarbeid med fagrørsla og SVs politiske arbeid for å styrkje posisjonen til fagrørsla i samfunnet er difor avgjerande. SV vil vere ei drivkraft for å byggje bruer og kraftfulle alliansar mellom fagrørsla og andre sosiale rørsler, både nasjonalt og internasjonalt.

Kampen for sosialisme må først og fremst drivast gjennom ei massiv folkeleg mobilisering, forankra i dei sosiale gruppene som blir ramma når marknadskreftene får styre fritt. Eit sosialistisk parti er aldri sterkare i folkevalde organ enn den folkelege mobiliseringa som skjer utanfor. Det er her vi hentar styrken vår. Vi kjempar for eit folkestyre og for sosialisme nedanfrå. Eit sosialistisk folkestyre kan først bli ein realitet når folk sjølv er med på å endre samfunnet. I kampen for sosialisme trengst ikkje berre eit sosialistisk parti, men ei folkerørsl. SVs sjel ligg i sosialisme nedanfrå.

Gjennom politisk oppslutning i val vil SV bruke posisjonen sin til å drive fram endring. På alle nivå kan folkevalde organ ha stor makt, og arbeidet med å stille til val og vinne fleirtal er nøkkelaktiviteten for eit politisk parti. Inga grunnleggande endring i sosialistisk retning er mogleg utan å vinne fleirtal i folkevalde organ.

SV vil bruke folkevalde organ til å demokratisere økonomien og forvaltninga av dei felles naturressursane våre gjennom offentleg eigarskap, politiske reguleringar og folkevald styring.

SV vil samarbeide med andre parti i folkevalde organ for å få gjennomslag for politikken vår. Posisjonar er aldri noko mål i seg sjølv. SV søker maktposisjonar når dette kan dreie samfunnsutviklinga mot venstre. Nasjonalt vil vi søkje regjeringsmakt og fleirtal i Stortinget for ein allianse som kan oppnå dette. Lokalt vil vi søkje ulike samarbeid og konstallasjonar basert på kva som kan gje størst utteljing for politikken vår i det einskilde fylke og den einskilde kommune. SV vil internasjonalt, nasjonalt og lokalt samarbeide med sosiale rørsler og interesseorganisasjonar som kan vere med og styrke den politiske gjennomslagskrafta vår.

Vi styrer samfunnsutviklinga sjølve. Samfunnet er skapt av menneske og kan endrast av menneske. Saman kan vi endre verda og kvardagen til det betre.



www.sv.no

Meld deg inn i SV!
Send SMS med
«innmelding» til 2090

Sosialistisk Venstreparti

Akersgata 35, 0158 Oslo
+47 21 93 33 00
post@sv.no
www.sv.no
www.facebook.com/SVparti